

PLANOMTALE

Detaljregulering for settefiskanlegg Herand – del av gnr. 310, bnr. 1 og 85 mfl.

Planid: 4618-2017001

Gnr: 310 Bnr: 1 og 85 m.fl.

ULLENSVANG KOMMUNE

Dato/revisjon: 16.05.2025

Forfattar: Omega 365 Areal AS

Oppdragsgjevar: MOWI ASA

Big enough to deliver
Small enough to care

TITTEL

Detaljregulering for settefiskanlegg Herand – del av gnr. 310, bnr. 1 og 85 mfl.

Herand – Ullensvang kommune

PLANID

4618-2017001

DATO

16.05.2025

REV - DATO

-

PROSJEKTNUMMER

138676

VERSJON

01

OPPDRAGSGJEVAR

MOWI ASA

OPPDRAGSGJEVAR REFERANSE

Reidar Våge

UTFØRT AV

Kjerstina Særsten

SIGN

KJS

KONTROLLERT AV

Elisabeth Slide

SIGN

ES

EKSTRAKT

Innsending av forslag til reguleringsplan for settefiskanlegg Herand for 3. gongs handsaming til Ullensvang kommune.

Innhold

1. INNLEIING OG PLANPROSESS	4
2. SKILDING AV REVIDERT PLANFORSLAG	4
2.1 VURDERING AV FLAUMFARE	4
2.2 ENDRINGAR I PLANFORSLAGET SOM FØLGJE AV FLAUMRAPPORTANE	6
2.3 ENDRINGAR SOM FØLGJE AV MOWI SINE UTBYGGINGSPLANAR	6
2.4 ENDRINGAR I PLANKARTET	8
2.5 ENDRINGAR I FØRESEGNENE	11
3. ROS ANALYSE	12
3.1 FLAUM I VASSDRAG, HAVNIVÅSTIGNING OG STORMFLO	12
3.2 OMRÅDESTABILITET (KVIKKLEIRE)	13
3.3 TRAFIKKTRYGGLEIK	14
3.4 STØY FRÅ VERKSEMDA	15
4. VERKNADAR / KONSEKVENSAAR AV PLANFORSLAGET	15
4.1 FORHOLDET TIL OVERORDNA PLAN	15
4.2 KONSEKVENSAAR FOR ALLMENNE INTERESSER	16
4.3 SAMLA VURDERING AV ÅLMENNE INTERESSER I VASSDRAGET	19
4.4 VURDERING ETTER VASSFORSKRIFTA § 12	20
5 AVSLUTTANDE KOMMENTAR/KONKLUSJON	20
5 VEDLEGG	20

1. Innleiing og planprosess

Mowi ASA har over fleire år hatt ein pågåande reguleringsplanprosess for område Herand settefiskanlegg. Ein av grunnane til at planarbeidet har tatt så lang tid, er problemstillingar knytt til Storelvi og flaumfaren i denne. I tillegg er det eit verna kulturminne i elva, ei oppgangssag, som ein må ta omsyn til. Både NVE og Vestland Fylkeskommune har hatt motsegner til desse forholda både ved 1. og 2. gongs offentleg ettersyn av planforslaget.

NVE opprettheld i sin uttale datert 06.03.2023 motsegn til planen med grunnlag i at planen sine konsekvensar for flaum og erosjonsfare for kringliggande areal, og ålmenne interesser i vassdraget, var for dårleg utgreidd. I om med at det i planforslaget framleis var opning for flaumsikringstiltak generelt i elva, blei motsegna oppretthalde.

Vestland fylkeskommune fremja i brev datert 02.03.2023 motsegn til planforslaget med grunnlag i at det ikkje sikrar tilstrekkeleg vern av nasjonale kulturminneverdiar i planområdet. Det er i uttalen gjort greie for korleis motsegna kan løysast.

Etter 2. gongs offentleg ettersyn, overtok Omega 365 Areal AS rolla som plankonsulent for reguleringsplanen i 2024. Skred AS har vore engasjert for utarbeiding av to rapportar knytt til flaumfarevurdering og sikringstiltak. Desse ligg vedlagt. Med bakgrunn i desse rapportane er planforslaget justert og konkretisert med omsyn til sikring mot flaum, samtidig som det verna kulturminnet vert teke omsyn til.


Både NVE og Fylkeskommunen har fått tilsendt flaumrapportar og justert plankart og føresegner i forkant av ny innsending til kommunen, og det er blitt halde ope informasjonsmøte i Herand for innbyggjarane, der endringane blei presentert.

Det er utarbeida komplette planforslag av tidlegare plankonsulent, og desse dokumenta vil følgje planforslaget. Denne planomtalen inneheld i hovudsak skildringar av endringane som er gjort etter 2. gongs offentleg ettersyn. Merknadar og motsegner frå 2. gongs høyring er oppsummert og kommentert i eige vedlegg.

2. Skildring av revidert planforslag

2.1 Vurdering av flaumfare


Skred AS har utarbeida to rapportar knytt til flaumfarevurdering og sikringstiltak. Desse ligg vedlagt. Med bakgrunn i desse rapportane er planforslaget justert og konkretisert med omsyn til sikring mot flaum. I rapportane er det vist modellering av framtidig flaumsituasjon utan sikringstiltak, sjå figur under.



Figur 4: Viser strømningssituasjonen under en fremtidig 200-årsflom, ved dagens situasjon.


Figur 1 - kilde: Figur 4 i rapport frå Skred AS

Vidare har Skred AS utarbeida forslag til sikringstiltak, som går fram av figuren under.



Figur 5: Utstrekning av foreslåtte terrengendringer/sikringstiltak som vil gi tilstrekkelig sikkerhet mot flom for settefiskanlegget.

Figur 2 - forslag til sikringstiltak mot flaum, kilde: Skred AS



Figur 10: Modellert strømningsbilde ved en fremtidig 200-årsflom, etter etablert sikringstiltak. Merk at flomløp nord-øst for bru fortsatt aktiveres.

Figur 3 - Flaumsituasjon ved framtidig 200-årsflaum med etablerte sikringstiltak, kjelde: Skred AS

Konklusjonen frå Skred AS er at sikringstiltaka vil ivareta omsynet til både settefiskanlegget og andre funksjonar i området, forutan eit naust heilt nede ved elveløpet der sikringstiltaka ikkje vil ha effekt.

2.2 Endringar i planforslaget som følgje av flaumrapportane

Flaumsikringstiltak er sikra med føresegnssområde #1 -#6, og samsvarar med dei tiltaka som er føreslått av Skred AS.

- Innanfor #1 skal det oppførast ny bru i samsvar med plankartet.
- Innanfor #2 og #3 skal det etablerast sikringstiltak i form av voll.
- Innanfor #4 og #5 skal grunnen i elva seinkast og elvebreidda utvidast. Vassleidning innanfor ABA kan hevast til flaumsikkert nivå.
- Innanfor #6 skal det førast opp voll/mur som flaumsikringstiltak for bustaden/fritidsbustaden.

Meir detaljar om utforming av tiltaka går fram av rapporten til Skred «Mulighetsstudie sikringstiltak flom», datert 29.11.2024.

2.3 Endringar som følgje av Mowi sine utbyggingsplanar

Utbyggingsplanane for Mowi har endra seg ein del etter 2. gongs offentleg høyring. Utfylling i sjø blir betydeleg redusert, og ein god del av bygningsmassen skal bevarast. I hovudsak vil nye tiltak vere at det skal førast opp eit bygg for å bygga inne tankane som står utandørs i dag på vestsida av Herand sag. Flyfoto under viser yttergrensa av utfyllinga i sjø (mørk blå linje) i forhold til dagens sjøkant (lys blå linje). Bygningar som er planlagt rivne er markert med raude kryss.



Figur 4 - Illustrasjon som viser ny kystlinje i forhold til dagens, og kva bygningar som er planlagt rivne, kjelde: Omega
Visualiseringane under viser planlagt utbygging. Med bakgrunn i dette er det gjort nokre endringar på plankart og i føresegnene.



Figur 5 - Visualiseringar av framtidig utbygging, kjelde: Helgesen Tekniske Bygg As


2.4 Endringar i plankartet

Arealformåla er stort sett dei same, men det er lagt inn eit nytt formål, som er røytraseen for ferskvatn til Mowi sitt anlegg, som kryssar elva. Det er og skilt mellom anna veggrunn – grøntstruktur og tekniske anlegg langs veg. Feltnavn er oppdatert i samsvar med Regjeringa sin mal. Arealrekneskap under viser skilnadane mellom tidlegare plankart og det nye som nå blir fremma. Næringsareal er redusert med ca 4532 m², noko som resulterer i redusert utfylling i sjø (3845 m² meir sjøareal). Planlagd brygge har auka areal, då ein treng ei lenger brygge for å få tilstrekkeleg djupne for båtar som kjem inn. Areal avsett til veg og elv er og auka, som følgje av flaumsikringstiltaka (ny bru og utvida elveløp).

2.4.1 Arealregnskap

Arealformål	Plankart ved 2. gongs høyring (m ²)	Forslag til ny plan (m ²)	Justering (± m ²)
1300 Næring	14268	9736	-4532
1500 Andre bygningar og anlegg (nytt formål)	0	29	+29
1588 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	855	1200	+345
2010 Veg	1888	2023	+134
2018 og 2019 Anna veggrunn	851	940	+89


3040 Friområde	1697	1596	+102
5100 LNF	1379	1088	-290
6001 Bruk og vern av sjø og vassdrag	7498	11343	+3845
6800 Kombinert formål i sjø og vassdrag	2669	3575	+906
SUM	31106	31528	+422



Figur 6 – Forslag til justeringar av formåla (fargelagte område). Tidlegare avgrensingar av formåla er vist med blå stipla linjer.

2.4.2 Plangrense

Planområdet er også utvida (422 m²), for å få regulert inn flaumsikringstiltak ved eigdommen gnr. 303 bnr. 8, og som følgje av nærare detaljering av ny bru/veg over elva, sjå figur 7. Utvidinga er avklart med Ullensvang kommune, som vurderte at det ikkje er behov for ny varslings ettersyn som det i 2021 blei varsling om utvida plangrense for planen der dette arealet inngjekk i varslings ettersyn. Utvidinga er avklart med grunneigarar, og det vil vere høve til å uttale seg om utvidinga ved nytt offentleg ettersyn.




Figur 7 - Utsnitt som viser utviding av planområdet på nordsida av Storelvi. Svart linje er ny plangrense, grøn er plangrensa på plankartet fra 2. gongs høyring.

2.4.3 Samferdsle

Det er ikke gjort endringer på regulert fylkesveg gjennom planområdet.

Med grunnlag i flaumkartlegginga frå Skred, er veg/bru over Storelvi justert noko i forhold til slik det tidlegare var regulert. Krav til utforming av avkøyrslar frå offentlig veg er lagt til grunn for utforminga. Førebels skisse for vegprofilen er vist i figur 8 under.



Figur 8 - Lengdeprofil av veg over ny bru

Mowi sine planar for settefiskanlegget er nå å bevare det meste av eksisterande bygningsmasse. Dette gjer at eksisterande situasjon i området langs fylkesvegen blir uendra. Tidlegare var det planlagt ei større utbygging som blant anna kravde fleire parkeringsplassar, men med dagens planar er det ikkje lagt opp til å auke bemanninga. Trafikkmengd og parkeringsbehov vil difor ikkje bli endra, og det er difor ikkje behov for løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Tilkomsten blir regulert i tråd med dagens situasjon. Denne er ikkje utforma i samsvar med krav til vertikalkurvatur gitt i handbok N100, men det vil vere umogeleg å tilfredsstille krava, så lenge eksisterande bygningsmasse og funksjonar skal bevarast. Blant anna går det tilkomstveg ned til anlegget til høgre i biletet under, og det er behov for tilkomst til lager i det raude bygget, i tillegg til at tilkomst til parkeringsplass må sikrast på venstre side av bygget. Frisikt og radius er tilfredsstillande.



Figur 9 – Gatebilde av dagens vegtilkomst til settefiskanlegget, kjelde: [google.no/maps](https://www.google.no/maps).

2.5 Endringar i føresegnene

Det er fleire endringar i føresegnene. Tekst som utgår er streka over i vedlagte føresegner, og forslag til ny tekst er markert med blå farge. Under er endringar i føresegnene lista opp:

1. Feltnamn er oppdatert i tråd med mal frå Regjeringa (ikkje merka med blått)
2. Formål køyreveg (2011) er endra til veg (2010) for å unødig skilje på formåla på regulerte vegar
3. Føresegn 3.1.3 – Utgå – av omsyn til kulturminnevernet er det ikkje opna for tiltak knytt til Herand sag utan godkjenning etter KML §19.
4. Føresegn 3.2.2 – Endra slik at føresegna opnar for nedlegging av ny vannleidning gjennom FRI1. Dette er naudsynt i samband med flaumsikringstiltaka.
5. Føresegner i punkt 3.3 er endra, då tidlegare føresegn sette krav om tilpassing til byggeskikken i området, og at ein skulle nytta materiale frå Herand sag i fasadar, og korleis brukonstruksjonen skulle utformast. Ny utbygging er planlagt utført med stålfasade, og at det er ein stor bygning. Dette vil bryte med byggeskikken elles i område, som kjenneteiknast av småhus i tre. Det er sett krav til fargebruk og at overflater ikkje skal vera reflekterande. Når det gjeld brua, må ein sjå nærare på konstruksjonsmaterialane ved prosjektering, men det er sett krav om at den skal plastrast med naturstein.
6. Føresegn 3.7 om byggegrenser er endra slik at parkeringsplassar ikkje kan ligga i strid med byggegrenser. Dette var ei tilbakemelding frå vegmynde. I plankartet er byggegrensa lagt rundt eksisterande parkeringsplass, men det er ikkje tillate med utviding utover dette.
7. Føresegn om energibruk i punkt 3.8 er delvis gjentakning av anna fellesføresegn, og er foreslått fjerna. Føresegn knytt til solcelleanlegg på tak er flytta til fellesføresegn 3.1.2.
8. Nedre planeringshøgd er auka frå kote +3 til +4 i føresegn 4.1.3.
9. Føresegn 4.1.6 er gjentakning av andre føresegner og utgår.
10. Parkeringskrav er tatt ut, som følgje av at utbyggingsplanane er redusert, og at det ikkje er behov for meir parkeringsplassar for tilsette.
11. Føresegn 4.1.9 utgår som følgje av at det ikkje er lagt opp til utfylling i sjø.
12. Føresegn 4.1.10 er tatt ut, for å imøtekomme motsegna frå fylkeskommunen om at det ikkje er tillate med tiltak i verneområde, utan at det er gitt løyve etter kulturminnelova.
13. Føresegn 4.2 er ny, og legg til rette for at Mowi kan erstatte eksisterande vasstilførsle tilpassa flaumsikringstiltaka.

14. Endring av småbåtanlegg/brygge, slik at den kan byggast lenger nå som næringsområdet er trekt inn til dagens kaifront. Det er og opna for at brygga kan vere fast, ikkje berre flytebrygge. Dette for å få gode djupneforhold og trygg forankring av båtar.
15. Føresegn 5.1.2 er supplert med skildring om at avkøyrsla til Mowi sitt anlegg skal vidareførast som den er.
16. Anna veggrunn langs vegar og bru er litt justert, og sikrar blant anna at det kan etablerast brukonstruksjon/rekkverk mm langs ny bru.
17. I føresegn 6 og 7 er område som kan nyttast til flaumsikring innanfor grønstrukturformål og LNF-formål angitt med føresegnsområde. Etter tilbakemeldingar frå NVE er føringar for kantvegetasjon innarbeida.
18. Føresegn 8.1.1 er supplert med at fortøyingar kan ligga i sjøområdet, så lenge det ikkje er til hinder for båtferdsle.
19. Tiltaka innanfor formålet som Storelvi inngår i, er tydelegare avgrensa med føresegnsområde. Dette med grunnlag i motsegner frå både NVE og fylkeskommunen. Generelle tiltak er fjerna.
20. Føresegn knytt til omsynssone flaum er oppdatert med at flaumfarerapport frå Skred skal leggest til grunn for sikringstiltak.
21. Endringar i føresegnene 9.4, 9.5 og 10 er endra basert på konkretisering av flaumsikringstiltak og forslag frå Fylkeskommunen til formuleringar.
22. Med grunnlag i endra planforslag, er rekkefølgekrav knytt til avkøyrsla tatt ut. Sjå vurdering i punkt 2.4.3 og 3.3 i denne planskilddinga.
23. Anleggsarbeid ved etablering av flaumsikring og utbygging av næringsområdet bør med fordel utførast samtidig, slik at overskotsmassar frå elva kan nyttast til oppfylling av næringsområdet om massane er brukande til dette. Det er sett dokumentasjonskrav til massedisponeringsplan ved søknad om desse tiltaka (ny føresegn 3.1.3), og føresegn 11.4 er endra slik at desse arbeida kan utførast samtidig, men at flaumsikring skal vere på plass før det kan givast bruksløyve/ferdigattest.
24. Enkelte tiltak i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta, og i samband med slikt løyve blir krav til gjennomføring/tiltaksplan fastsett. Føresegn 11.5 er difor overflødig og er foreslått tatt ut.
25. I planprosessen og i dialog med grunneigar, er det konkludert med at ein sti gjennom FRI1 (langs sørsida av anlegget) ikkje er ein god trase, både grunna terrengforholda og at dette ikkje er ei naturleg ganglinje ned mot sjø. Rekkefølgekrav 11.7 er med grunnlag i dette tatt ut.
26. Støy frå anlegget er vurdert i punkt 3.4 under. Føresegnene set støykrav og verksemda held seg i dag innanfor støygrensene. Utbygging vil redusere støy, og me kan ikkje sjå behov for kravet om støymåling innan eit halvt år etter utbygging. Rekkefølgekrav 11.8 er med grunnlag i vurderingane tatt ut.

3. ROS analyse

Det er utarbeida ROS-analyse for planforslaget tidlegare. Det er ikkje avdekka behov for særlege endringar i denne som følgje av justeringane i plankart og føresegnar, men nokre kommentarar til ulike tema går fram av punkta under.

3.1 Flaum i vassdrag, havnivåstigning og stormflo

Skred AS har utarbeida ytterlegare flaumvurdering, og komme med konkrete flaumsikringstiltak. Modellering i rapporten viser at området er tilstrekkeleg sikra ved ein 200-års flaum.

I tidlegare planforslag var det lagt til grunn planeringshøgde på kote +3 av omsyn til havnivåstigning og stormflo. For å oppnå tilstrekkeleg flaumsikring frå elva er planeringshøgda auka til kote +4 i nytt planforslag. Dette vil redusere sannsynet for vassinntrenging i samband med stormflo.

3.2 Områdestabilitet (kvikkleire)

Tidlegare plankonsulent, Multiconsult, har utarbeida vurdering basert på NVE rettleiar 1/2019, som låg ved planforslaget til 2. gongs høyring. Her er konkludert med at det ikkje er fare for områdeskred som kan råke planområdet. NVE har i sin uttale med motsegn i samband med 2. gongs høyring etterlyst ei slik vurdering, og me vil med dette opplyse om at denne vurderinga føreligg allereie. Foto under viser synleg fjell i dagen både innanfor og utanfor planområdet.



Figur 10 - Synleg fjell langs strandlinja sør for settefiskanlegget, kjelde: Omega



Figur 11 - Synleg fjell langs nedkøyringa til kaien til Mowi



Figur 12 - Bart fjell i elva



Figur 13 - Synleg fjell på nordsida av elva

Med bakgrunn i notatet for områdestabilitet utarbeida av Multiconsult tidlegare, og synfaring på staden, er det vurdert at området ikkje er utsett for kvikkleireskred.

Endringa av planforslaget legg opp til ei redusert utfylling i sjø samanlikna med tidlegare forslag. Føresegnene er supplert med krav om at utfylling skal detaljprosjekterast av fagkyndig geoteknikkar, og at det i den samanheng skal vurderast behov for grunnundersøkingar.

3.3 Trafikktryggleik

Dagens vegsituasjon til anlegget blir vidareført, og det er ikkje grunn for å tru at det blir auka trafikk til anlegget som følgje av tiltaka i planen. Ny bru/veg er regulert for å tilfredsstille krav til utforming i vegnormalane. Sjå punkt 2.4.3 ovanfor for nærare skildring.

Området er oversiktleg, trafikkmengda på overordna veg er låg (250 / 600 ÅDT) i området, og fartsgrensa er maks 50 km/t i området. Det er små justeringar på plankartet i forhold til tidlegare forslag, og risiko- og sårbarheit er ikkje vurdert å vere endra av desse justeringane.


3.4 Støy frå verksemda

Utbyggingsplanane er nå nedskalert, og ein del av eksisterande bygg og anlegg skal vidareførast. Innbygging av fiskekara vil redusere støy frå anlegget. Tema støy er skildra i ROS-analysen, men ikkje potensiell hending som blir vurdert spesielt i analysen. Føresegnene set støykrav i samsvar med retningslinje for støy T-1442, og i tillegg var det i tidlegare forslag rekkefølgekrav knytt til måling av støy etter utbygging. Nå som tiltaka er nedskalert, og anlegget som genererer mest støy blir bygd inn, kan me ikkje sjå at det er behov for krav til støymåling.

4. Verknadar / konsekvensar av planforslaget

4.1 Forholdet til overordna plan

Omfanget av næringsarealet i planforslaget er nå innanfor det som er avsett næringsareal i gjeldande kommuneplan sin arealdel (KPA).



Figur 14 - Kommuneplanen sin arealdel (til venstre) og planforslaget (t.h.), kjelde: kommunekart.com / Omega

Regulert område for brygge er i KPA område for kombinerte formål i sjø (fiske, ferdsel, natur- og friluftsliv), med tilhøyrande føresegn:

«Tiltak eller inngrep som er i konflikt med fiske, ferdsel, natur- eller friluftsliv er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett. (PBL § 11-11 nr. 3).»

Mowi har ei eksisterande flytebrygge i området, men planforslaget opnar for ei lenger brygge enn denne (inntil 26 meter lenger ut). Samanlikna med tidlegare planforslag er nytt forslag vurdert å vere meir i samsvar med overordna plan, og me kan ikkje sjå at foreslått utviding av brygge vil få særleg negative konsekvensar for fiske, ferdsle, natur- og friluftsliv.

Omsynet til vassdraget og ålmenta

Som nemnd over, er plankart og føresegner nå tydelege på plassering og omfang av sikringstiltak. Justerte plandokument er avklart med kommunen, og det har vore informasjonsmøte i Herand for naboar og grunneigarar i området. Tilbakemeldingane er at det er positivt med flaumsikring, sjølv om det krev riving av ei flott bru. Ny bru vil dessutan betre tilgjenga med store bilar som brannvesenet sin tankbil, landbrukskøretøy mm. Skred AS har i sitt moglegheitsstudie for fastsetting av flaumsikringstiltak teke omsyn til oppgangssaga og terskel/vannspeil til inntaket til oppgangssaga, slik at tiltaka ikkje skal medføre direkte inngrep i desse anlegga.

Her beskrives og vurderes virkninger og konsekvenser av reguleringsendringa. Konsekvenser beskrives når planen avviker fra vedtatt oversiktsplan, temaplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt eller når planen vil medføre konsekvenser for natur, miljø eller samfunn. Eventuelle avbøtande tiltak skal beskrivast.

4.2 Konsekvensar for allmenne interesser

Nedanfor følgjer ei samla vurdering av korleis planforslaget påverkar relevante ålmenne interesser:

4.2.1 Landskap

Nedanunder er illustrasjon av dagens situasjon (figur 15), illustrasjon for planlagde tiltak i tidlegare planforslag i 2023 (figur 16), og visualisering av utbygging etter planforslaget som nå ligg føre. Ein kan tydleg sjå at sistnemnde utbygging er betre tilpassa omgjevnadane og eksisterande bygg enn tidlegare forslag. Eit tett bygg vil medføre eit meir massivt uttrykk enn i dagens situasjon når fiskekara står utandørs, men samtidig vil bygget gi eit reinare uttrykk med at anlegga blir skjult, sjå figur 17.



Figur 15 – 3D- illustrasjon av dagens situasjon, kjelde: Helgesen tekniske bygg



Figur 16 – 3D-illustrasjon av utbygging etter tidlegare planforslag, med utfylling i sjø, sanering av eksisterende bygg og oppføring av nye, kjelde: Multiconsult



Figur 17 - Utbygging i samsvar med planforslaget som nå ligg føre. Nytt bygg i bakkant av eksisterende, som skal huse fiskekara som i dag står ute, kjelde: Helgesen tekniske bygg



Figur 18 - Foto frå dagens anlegg, kjelde: MOWI ASA

Flaumsikringstiltaka vil medføre omfattande terrenginngrep, med utviding av elveløp og etablering av ny bru som blir lenger og høgare i forhold til dagens bru. Dette vil medføre negative konsekvensar for landskapet, blant anna grunna rivinga av ei flott gammal bru. I føresegnene er det sett krav til estetikk, der brua skal plastrast med naturstein og at ein skal unngå unødige inngrep i landskap og vegetasjon langs elveløpet. Konklusjonen er at flaumsikring er viktigare enn bevaring av terreng og landskap i denne saka.

4.2.2 Kulturminne

I planområdet ligg Herand sag som er freda etter Kulturminnelova. Herand sag er både freda som bygning etter § 15, og at tilhøyrande miljø rundt saga er freda etter § 19 i kulturminnelova. I fredingssaka går det fram at formålet med fredinga er å bevare saga med tekniske innretningar og eit naturleg miljø rundt disse. Eit større område langs Storelvi (inkludert Sævarebrua) inngår i omssynssone H570 i gjeldande kommuneplan. Sævarebrua er eit viktig kulturminne i seg sjølv, men også eit element heilt inntil det freda området rundt Herand sag, og eit element som sluttar opp om kulturmiljøverdiane knytt til fylkesveg 550 (statleg listeført). Meir detaljar av kulturminneverdiar i Herand går fram av planomtalen som Multiconsult har utarbeida i saka tidlegare.

Vestland fylkeskommune har i tidlegare høyring fremja motsegn på grunn av at tiltaka for å ta omsyn til kulturminneinteressene ikkje har vore klarlagt godt nok. Planen er no revidert med grunnlag i konkrete flaumsikringstiltak. Det vil framleis vere behov for inngrep i bandlegging- og omsynssonene knytt til kulturminne. Det er gjort tilpassingar for å bevare det verna kulturminnet, blant anna slik at saga framleis kan fungere med at det kjem vatn til den. Ein har kartfesta og skildra kva flaumsikringstiltak som er tillate, og det er ikkje opna for tiltak utover dette i verneområdet. Flaumsikring vil vere eit viktig tiltak for å også sikre kulturminneverdiane i området frå flaum. Planforslaget er nå betydeleg redusert i omfang, og harmonerer betre med eksisterande situasjon, slik at konsekvensane for kulturmiljøet er vurdert å verte mindre enn i tidlegare forslag. Vestland fylkeskommune har i samband med siste utkast til føresegnar

komme med innspel og tilbakemeldingar som er teke omsyn til. På bakgrunn av dette meiner me at omsynet til kulturminneinteresser er ivareteke så godt som råd i saka.

4.2.3 Fisk og akvatisk liv

Sist kjente undersøking av vassdragsmiljøet blei utført i 2008 av Rådgivende Biologer. Elva mellom Herandsvatnet og sjøen renn bratt ned mot sjøen, og det er ikkje oppgangsmoglegheiter til produktivt areal for laksefisk. Planlagde flaumsikringstiltak vil særleg i anleggsfasen kunne medføre negative verknadar for vassdragsmiljøet. I føresegnene er det sett krav til avbøtande tiltak med sikring av massar/sediment og avrenning. Tiltaka inneber ikkje ytterlegare fysiske barrierar for vandring samanlikna med i dag, og påverknaden for akvatisk liv etter etableringa vert vurdert som liten.

4.2.4 Naturmangfald

Vurdering etter naturmangfaldlova er utført tidlegare i planprosessen. Forutan registrering av nokre fugleartar i området, er det ikkje registreringar av andre prioriterte artar eller naturverdiar i området.

Inngrep i elv med tilhøyrande kantsone vil kunne medføre negative konsekvensar for naturmangfald. Med endringane er tiltaka tydeleg avgrensa både på plankartet og i føresegnene. Føresegnene set krav til tilbakeføring av kantvegetasjon. Både inngrep og reetablering skal gå fram av detaljprosjektering. Naturmangfald vurderast i liten grad å bli påverka.

4.2.5 Ålmenn ferdsel og friluftsliv

Langs sørsida av Storelvi er kantsona regulert til friluftsføremål. Områda på nordsida inngår i landbruksareal og er regulert til slikt føremål. Det går ein sti gjennom felt FRI2 i planområdet. Denne skal oppretthaldast. Me kan ikkje sjå at planforslaget medfører redusert tilgjenge i området, forutan at det i anleggsperioden kan vere redusert tilgjenge. Planforslagets beslaglegging av sjøareala er og vesentleg redusert, og sjølv om planområdet mot sjø ikkje direkte er nytta av ålmenta, er dette vurdert som positivt for tilliggjande strandsone og sjøen som har verdi for friluftsliv. Planforslaget er vurdert å ha liten påverknad for ålmenn ferdsel og friluftsliv.

4.2.6 Tryggleik og flaum

Ein av føresetnadane for utbygging av Mowi sitt anlegg er at tryggleik ved flaum i elva er ivaretatt. Dei sikringstiltaka som er innarbeida i planforslaget vil også sikre at omkringliggjande busetnad, inkludert bustadar, verna kulturminne samt infrastruktur, også blir sikra mot flaum. Planen medverkar til å redusere risiko for skade ved flaum og erosjon, og gjev positiv effekt for samfunnstryggleiken i Herand. Flaumtiltaka er også sikra gjennomført, med at det ikkje kan gjevast bruksløyve/ferdigattest til søknadspliktige tiltak innanfor byggeområda før flaumsikringa er etablert.

4.3 Samla vurdering av ålmenne interesser i vassdraget

Punkt 4.2 over, gjer greie for korleis planforslaget påverkar ålmenne interesser. Tiltaka i planen omfattar sikringstiltak i og langs elveløpet, knytt til tryggleik for bru og tilgrensande areal. NVE har peikt på at slike tiltak kan vere konsesjonspliktige etter vassressurslova § 8, men at ein reguleringsplan kan erstatte konsesjon dersom planen tek tilstrekkeleg omsyn til allmenne interesser, jf. § 20 d.

For tema landskap, kulturminne og naturmangfald på land og i sjø, er verknadane ved sikringstiltaka vurdert å verte noko negative. Bakgrunnen for vern av kulturminne, er at ein i størst mogleg grad skal unngå inngrep og endringar av kulturminnet og omgjevnadane det inngår i. Sjølv om det er gjort tilpassingar av flaumsikringstiltak og nedskalering av utbygginga ved Mowi, vil området rundt kulturminna verte endra. Det er ikkje registreringar av naturmangfald med særskilt verdi som er vurdert å verte råka av tiltaka i elva, men eit kvart inngrep i natur utgjer risiko for skade på økologiske funksjonsområde, plantar og dyr. For å redusere dei negative verknadane er det sikra avbøtande tiltak i føresegnene. Planforslaget er vurdert å medføre liten/ingen påverknad for ålmenn ferdsel og friluftsliv etter etablering av flaumsikringstiltak og når det gjeld samfunnstryggleik er planforslaget vurdert å gi positiv verknad.

Med desse vurderingane legg me til grunn at det føreligg tilstrekkeleg grunnlag for å avgjere om planforslaget kan erstatte konsesjon etter vassressurslova § 20 d.

4.4 Vurdering etter vassforskrifta § 12

Vassforskrifta § 12 kjem til bruk i tilfelle der ny aktivitet eller nye inngrep anten medfører at miljømåla i §§ 4–7 ikkje blir nådde, eller at miljøtilstanden blir forringa. Forringa tilstand inneber at tilstanden går frå ein klasse til ein annan (til dømes frå god til moderat). Den negative påverknaden må òg vare ei viss tid. Reguleringsplanen omfattar ein liten del av kystvassførekomsten Samlafjorden, som er ein del av Hardangerfjorden. I Vann-Nett.no er denne delen av fjorden registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.

Redusert næringsområde, med ei mindre utfylling i sjø (ca 0,7 daa) vil innebære eit avgrensa inngrep i vassførekomsten, og vil heller ikkje påverke i kva grad miljømåla for vassførekomsten blir nådde. Me kan heller ikkje sjå at den planlagde utbygginga vil medføre aktivitet som vil påverke om miljømåla blir nådde, ettersom produksjonen vil skje i samsvar med konsesjonsløyvet.

Me vurderer difor at vassforskrifta § 12 ikkje kjem til bruk.

5 Avsluttande kommentar/konklusjon

Denne planomtalen tar føre seg forhold ved planforslaget som nå ligg føre, og kva endringar som er ved planforslaget sidan førre politiske behandling og offentleg høyring. I denne prosessen har det vore dialog med naboar og grunneigarar, i tillegg til at NVE og Vestland fylkeskommune har fått anledning til å uttale seg om planforslaget nå tek tilstrekkeleg omsyn til dei forholda som det føreligg motsegner på. I informasjonsmøtet med naboar blei det orientert om det nye plangrepet, og tilbagemeldingane var i hovudsak positive.

Planforslaget er nedskalert og konkretisert, og legg nå til rette for at Mowi kan etablere eit meir moderne settefiskanlegg, utan at verknadane for miljø og samfunn vert betydeleg påverka.

5 Vedlegg

Vedlagte dokument følgjer planskilddinga.

Dokument	Dato	Revisjonsdato
Plankart		14.05.2025
Føresegner		16.05.2025

Andre vedlegg

Rapport 24253-01-2 Flomfarevurdering
 Rapport 24431-01-2 Mulighetsstudie Flomsikring
 Oppsummering av innkomne merknader til 2. gongs
 høyring med kommentar
 SOSI- eksport og loggfil